



Balestrand kommune
Plan og utvikling

Norges vassdrags og energidirektorat
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.
15/38-8/AA

Arkivkode
S11

Deres ref.

Dato
17.04.2015

MELDING OM VEDTAK - Søknader om løyve til bygging av småkraftverk - høyring

Kommunestyret handsama i møte 16.04.2015 sak 16/15. Følgjande vedtak vart fatta:

Vedtak:

Balestrand kommune vurderer både Brekka kraftverk og Kråkeelvi kraftverk som omsøkt i konsesjonssøknadene til å vere utbyggingsprosjekt med vesentlege positive samfunnsmessige konsekvensar. Samstundes vil dei negative konsekvensane for natur og miljø vere avgrensa, men då under føresetnad av at ein ved Brekka kraftverk nyttar fullprofilboring mellom kote 230 og 650 m.o.h.

Balestrand kommune vil framheve dei samfunnsmessig positive konsekvensane ved gjennomføring av prosjekta som vil komme i form av utnytting av ein lokal ressurs til produksjon av fornybar energi, lokal verdiskaping med grunnlag for verksemd/arbeidsplassar og som inntekter for grunneigarar, kraftselskap og det offentlege. Prosjekta vil også føre til ny 22 KW kabel gjennom Høyangertunnelen mellom Lånefjorden og Høyanger, noko som vil styrke det allmenne kraftlinenettet og leveringstryggleiken i området. Det er også positive tiltak knytt til kvart prosjekt med flaumsikring av elva i Kråkeelvi kraftverk, og felles anleggsveg/skogsveg i Brekka kraftverk.

For dei konkrete prosjekta meiner Balestrand kommune, ut frå føresetnaden nemnd innleiingsvis, at det generelt er små negative konsekvensar for natur og miljø. Ein kan akseptere at det ikkje vert krav om minstevassføring nedom inntaksdam i Kråkeelvi kraftverk, då verknaden av tiltaket får marginal effekt for landskap og miljø elles. For Brekka kraftverk finn ein at alternativet med fullprofilboring, og med det skjult røyrgate, er det einaste akseptable. Ei røyrgate i dagen i ei lengd på 950 meter frå kote ca. 230-650 m.o.h. slik som omsøkt, er eit stort og skjemmande inngrep i landskapet. Desse anlegga skal ligge i lang tid, og ei røyrgate vil vere eit hinder både for folk og dyr langs det meste av fjellsida. Ein kan ikkje sjå at teknologi eller kostnad vil utelukke alternativet med fullprofilboring på den omtala strekninga.

Adresse:
Kong Beles veg 20
6899 BALESTRAND
E-post: postmottak@balestrand.kommune.no
Internett: www.balestrand.kommune.no

Sentralbord: 57 65 12 00
Telefaks: 57 69 12 05
Bankgiro: 3805.07.00043
Bankgiro for skatt: 7855.05.14183
Organisasjons. nr 970 184 252


Balestrand
inspirerer deg

Prosjekta ligg i LNF-område i arealdelen i gjeldande kommuneplan. Ein ser ikkje at det er nokon konflikt mellom dei to konsesjonssøknadene og arealbruken fasett i denne, eller andre kommunale planar etter Plan og bygningslova.

Balestrand kommune vil ut i frå dette tilrå at det vert gjeve konsesjon for både Brekka kraftverk og Kråkeelvi kraftverk.

Samrøystes.

Viser til brev 26.03.15 med oversending av formannskapet si tilråding til kommunestyret som førebels uttale. Kommunestyret sitt vedtak, og med det Balestrand kommune sin endelege uttale til søknadene, er likelydande med denne.

Med helsing

Arne Abrahamsen
Kommunalsjef tekniske tenester

Melding om rett til å klaga over forvaltningsvedtak

(Forvaltningslova §27 tredje ledd og fjerde ledd)

Mottakar	Dato	Klageinstans Fylkesmenn
-----------------	-------------	-----------------------------------

Klagerett	De har rett til å klaga over vedtaket.
Kven kan De klaga til	Klagen skal først sendast til avsendaren av denne meldinga. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som fylgje av klagen, vil han bli sendt vidare til klageinstansen for avgjerd. Dersom vedtaket er fatta av kommunale eller fylkeskommunale organ, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller det organ desse har bestemt. Dersom vedtaket er fatta av kommunestyret eller fylkestinget, er klageinstansen kommunaldepartementet eller det organ det har gitt mynde til.
Klagefrist	Klagefristen er 3 veker frå den dag dette brevet kom fram. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd innan fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk oppgi når denne meldinga kom fram. Dersom klagen blir send for seint, er det adgang til å sjå bort frå den. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klagefristen. De bør då i tilfelle nemne grunnen til utsettinga.
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De ikkje allereie har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setja fram krav om å få det. Slikt krav må setjast fram i løpet av klagefristen. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist startar frå det tidspunkt De mottek grunngjevinga.
Klagen sitt innhald	Klagen skal nemna det vedtak det vert klaga over, og den eller dei endringar som De ynskjer. De bør nemna Dykkar grunngjeving for å klaga og evnt. andre opplysningar som kan ha noko å seia for vurderinga av klagen. Klagen må underskrivast.
Utsetjing av vedtaket	Sjølv om De har klagerett, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De har imidlertid adgang til å søkja om å få utsett iverksettinga av vedtaket inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort.
Rett til å sjå saka sine dokument og til å krevja rettleiing	Med visse avgrensningar har De rett til å sjå dokumenta i saka. De må i tilfelle vende Dykk til det forvaltningsorgan som har sendt denne meldinga. Der kan De også få nærare rettleiing om adgangen til å klage og om reglane for handsaminga elles.
Kostnader ved klagesaka	De kan søkja om å få dekt utgifter til naudsynt advokatbistand etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld imidlertid normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannen sitt kontor eller vedkommande advokat kan gi nærare rettleiing. Det er også særskild adgang til å krevja dekning for vesentlege kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokatbistand. Dersom vedtaket er blitt endra til gunst for ein part, er det også adgang til å søkja dekning for vesentlege kostnader i samband med saka. Klageinstansen vil om naudsynt orientera Dykk om retten til å krevja slik dekning for sakskostnader.
Klage til Sivilombudsmannen	Det er også mogeleg å klaga til Stortinget sin ombudsmann for forvaltningen (Sivilombudsmannen). Sivilombudsmannen har ikkje adgang til å handsama saker som er avgjort av Kongen i statsråd. Dersom De no får Dykkar klage avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De difor ikkje seinare bringa saka inn for Sivilombudsmannen.

Særlege opplysningar

[illegible]